



Advokatfirmaet Kyrre Ans  
Postboks 1826 Nordnes  
5816 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1904 - 18/429

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

08.01.2018

## Ny frist for pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - GBNR 38/23 - Kyrkjesundvegen

Vi viser til pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt datert 14.7.2017. I vedtaket vart det stilt frist for tilbakeføring innan den 31.10.2017. Etter anmodning om utsett iverksetting av pålegget frå Advokatfirmaet Kyrre ANS, journalført 12.10.2017, valte Meland kommune å utsette frist for tilbakeføring. I brevet frå kommunen, datert 20.10.2017, vart det lagt til grunn at ny frist for oppfylling ville bli fastsatt når klagesaka er endeleg avgjort.

I vedtak av 5.12.2017, saksnr. 98/2017, tok Utval for drift og utvikling klage frå Advokatfirmaet Kyrre ANS delvis til følgje, og vedtok følgjande:

*«Utval for drift og utvikling tek klaga frå advokatfirmaet Kyrre ANS v/advokatfullmektig Petter Bøe, datert 11.10.2017, delvis til følgje.*

*Utval for drift og utvikling avslår, i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd, søknad om dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen sin arealdel og byggjeforbodet i strandsona for oppføring av murar som omsøkt, då vilkåra ikkje er oppfylt.*

*Vidare gir Utval for drift og utvikling dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen sin arealdel og byggjeforbodet i strandsona for utfylling av terrenget, samt plassering i strid med nabogrensa, jf. pbl § 19-2 andre ledd. Det vert stilt følgjande vilkår for dispensasjonen, jf. pbl § 19-2 andre ledd:*

*Utfyllinga skal skråast ned mot sjøen frå kote +3 moh til kote +2 til kote +1 og ned til sjøen på lik linje med eksisterande terreng, som vist på vedlagte situasjonskart. Fyllinga skal tilførast jord og såast i med naturleg vegetasjon for området.*

*For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»*

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Utval for drift og utvikling sitt vedtak er eit enkeltvedtak som kan klagast på, jf. forvaltningslova (fvl) § 28. Ettersom det ikkje er kome klage på vedtaket, er vedtaket endeleg. Dette inneber at tilbakeføring skal skje i samsvar med Utval for drift og utvikling sitt vedtak datert 5.12.2017, saksnr. 98/2017.

Meland skal underrettast skriftleg når arbeidet er tilbakeført. I tillegg må det sendast inn biletedokumentasjon.

Ny frist for gjennomføring av pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt, datert 14.7.2017 med saksnr. 206/2017, med dei endringar som følgjer av Utval for drift og utvikling sitt vedtak av 5.12.2017, saksnr. 98/2017, vert sett til **1.5.2018**.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Per Harald Storli

Råtræet 17

5239

RÅDAL

**Mottakere:**

Advokatfirmaet Kyrre Ans

Postboks 1826  
Nordnes

5816

BERGEN